


S 190 Haw

FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET

2006

els. 1



HAVFORSKINGSINSTITUTTET
INSTITUTE OF MARINE RESEARCH

Dette er Havforskningsinstituttet

VISJON

Kunnskap og råd for rike og reine hav- og kystområde.

AMBISJON

Vi skal være internasjonalt leiande innan marin forskning og rådgiving.

VERDIAR

Alt vårt arbeid skal bygge på integritet, skaparglede, samspel og respekt.

Med nærmere 700 tilsette er Havforskningsinstituttet det største marine forskingsmiljøet i Noreg. Hovedansvaret vårt er å forske for å kunne gi råd til det offentlege om akvakultur og om økosystema i Barentshavet, Norskehavet, Nordsjøen og den norske kystsona. Derfor er rundt halvparten av verksemda vår finansiert av Fiskeri- og kystdepartementet.

Havforskningsinstituttet har hovedkontor i Bergen, men viktige delar av aktivitetane føregår på avdelinga vår i Tromsø, på forskningsstasjonane i Matre, Austevoll og Flødevigen og på fartøya våre, som til saman er på havet over 1600 døgn i året.


Instituttet har også ein stor bistandsretta aktivitet gjennom Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid.

Forsking og råd frå Havforskningsinstituttet skal vere med å legge grunnlaget for at samfunnet også i framtida skal kunne hauste av dei store verdiane i havet og på kysten.

06vfo2816

551.460948/
EX (2)481
577.7

► Organisasjon



4

5

TILSETTE¹⁾


| | Bergen | Tromsø | Flødevigen | Matre | Austevoll | Sum |
|--------------------------|------------|-----------|------------|-----------|-----------|------------|
| Forskarar | 132 | 18 | 11 | 8 | 13 | 181 |
| Teknisk personell | 167 | 9 | 14 | 16 | 20 | 234 |
| Administrativt personell | 67 | 3 | 3 | 2 | 2 | 77 |
| Sjøfolk | 106 | 0 | 0 | 0 | 0 | 106 |
| Sum | 472 | 30 | 28 | 26 | 35 | 590 |

Andre typar stillingar


| | |
|---------------------------|-----------|
| Stipendiatar | 26 |
| Postdoktorar | 12 |
| Forskingssjef II | 12 |
| Reinhaldarar | 6 |
| Lærlingar | 7 |
| Arbeidsmarknadsstillingar | 1 |
| Sum | 64 |

I) Tilsette per juni 2006. Grunna deltidstillingar samsvarer ikke talet på tilsette med talet på årsverk.

ØKONOMI



Inntekter 2005
Til saman 680 mill. kroner



Utgifter 2005
Til saman 678 mill. kroner

Havforskningsinstituttet i nord

Fiskebestandane og økosystemet i Barentshavet har hatt førsteprioritet ved Havforskningsinstituttet i mange tiår. Vi følger tilstanden til dei viktigaste kommersielle fiskebestandane, utviklinga av temperatur og klima samt forureiningssituasjonen. I 2003 samla vi alle desse granskingane i tre årlege økosystemtak som dekkjer heile Barentshavet frå kysten av Troms og Finnmark til isenkanten nord for Svalbard. Målingar av alle komponentar i økosystemet på same tid gir oss nytt og betre grunnlag for å forstå dei økologiske samanhengane. No kan vi lettare studere forholdet mellom rovdyr og byttedyr, og deira utbreiing i høve til fysiske tilhøve som temperatur og straum.

Fagleg aktivitet

Forskningsgrupper



FISKEBESTANDAR OG ØKOSYSTEM – BARENTSHAVET

Gruppa overvaker og forskar på livet i Barentshavet, som grunnlag for råd til forvaltinga.




FISKEBESTANDAR OG ØKOSYSTEM – NORSKEHAVET OG NORDSJØEN

Gruppa overvaker fiskeressursane i Norskehavet og Nordsjøen, og forskar på kva som påverkar variasjonen i mengde; som fiske, klima og bestandane sin påverknad på kvarandre.



ØKOSYSTEM I KYSTSONA

Gruppa studerer korleis økosistema i kystsona er oppbygde og fungerer, og identifiserer truslar og tålegrenser for menneskelege påverknader.



OSEANOGRAFI OG KLIMA
Gruppa overvaker og forskar på fysiske og klimatiske forhold som påverkar dei marine økosystema.



PLANKTON

Forsking og overvaking omkring plante- og dyreplankton og deira rolle i marine økosystem.




SKALDYR

Gruppa overvaker og forskar på artar som lever nært botnen og på havbeite av utvalde skaldyrrartar som hummar, muslinger og kamskjel.



SJØBOTNHABITAT

Kartlegging og tilstandsvurdering av naturtyper og biologisk mangfold på havbotnen. Forsking på botndyra si betydning i økosystemet.




MARIN MILJØKVALITET
Overvaking av kjemisk forureining i norske havområde for å sjå korleis det påverkar livsvilkåra og kvaliteten på livet i havet.



FISKERI OG BESTAND
Gruppa utviklar system for datainnsamling frå fiskeria og forskar for å kvalitetssikre og forbetre desse data for bruk i bestandsberekingar. Forsking på djuphavsartar og fiske systematikk.

Livet på havbotnen

Botndyra har ein viktig plass i økosystema i havet. Sjøpölser, svamp, skjel, sjøstjerner og korallar omgjer organisk avfall til næring for planteplanktonet – graset i havet – og inngår slik i krinsløpet under vatn. Forskningsgruppa Botnhabitat skal betre vår kunnskap om det biologiske mangfaldet i havet og botndyra si rolle i økosystemet. Gjennom MAREANO-programmet kartlegg no Havforskningsinstituttet botnfaunaen i Barentshavet, medan eit nytt forskingssamarbeid med Russland skal studere kva for effektar botntråling, klimaendringar, olje- og gassutvinning og innførte artar som kongekrabbe har på botndyrsamfunna.




OBSERVASJONSMETODIKK
Utvikle teknologi, metodar og modellar for innsamling av informasjon om fiskeressursane og økosystemet.




SJØPATTEDYR
Gruppa overvaker og forskar på bestandane av sel og kval i norske farvatn.




ANSVARLEG FANGST
Med basis i kunnskap om fiske-åtferd skal gruppa hjelpe norsk fiskerinæring, fiskeriforvalting og andre avdelingar ved instituttet med utvikling av miljø- og ressursvenlege fangstmetodar samt utvikle betre metodikk for prøvetaking av marine organismar.



POPULASJONSGENETIKK
Genetisk karakterisering av ville bestandar og artar i oppdrett, inkludert artar under domestisering.
Kartlegge omfang av rømte havbruksorganismar.




MARIN GENOMFORSKING
Etablere metodar for å studere samansetjing og funksjon til arvestoffet i marine artar.



VEKST- OG REPRODUKSJONSFYSIOLOGI
Gruppa skal bygge opp kunnskap om korleis miljøet påverkar vekst og kjønnsmodning hos fisk.



FISKEVELFERD OG OPPDRETTSMILJØ
Gruppa skal bidra til akseptabel dyrevelferd og effektiv produksjon av akvatiske organismer ved å etablere kunnskap som forebygger stress, smerte og sjukdom.



FISKEHELSE OG SJUKDOM
Forsking på spreiling av sjukdom mellom ulike artar, immunforsvaret til fisk og forebyggande behandling for oppdrettsfisk og skaldyr.



FÖR, FÖRING OG KVALITET
Kunnskap om mekanismar for opptak og utnytting av næringsemne i fôr til oppdretta og ville organismar samt korleis dette påverkar velferda til organismen.




REKRUTTERINGS- OG ÅTFERDSBIOLOGI
Gruppa jobbar med unge livsstadium, for å forstå sentrale samanhengar i naturen som påverkar produksjonen av egg og larver og studere åtferdmönster i samanheng med miljø, byttedyr/britte-forhold og dyras sanseevner.

Klimaeffektar

Endringar i klimaet kan få store konsekvensar for økosystema i havet. Samansetjinga av artar kan bli forstyrra, og fisken sin vekst, vandring og utbreiing kan endre seg. Eit varmare Barentshav kan til dømes føre til at torsken utvider beiteområdet lenger nord og aust, og nye artar som kolmule og makrell beveger seg inn frå sør. Kva som skjer med balansen i økosystemet når nye artar blir introduserte på denne måten, veit vi ingenting om. Det er eit av våre største kunnskapshol. Havforskningsinstituttet har overvaka utviklinga av klimaet i norske havområde sidan 1920-talet gjennom regelmessige undersøkingar av temperatur, straum og saltinhald i vatnet. Forskningsgruppa Oseanografi og klima har ansvaret for denne overvakninga og studerer effektane av klimaet på økosystema i havet. Gjennom Bjerknes senter for klimaforskning blir dette arbeidet sett i ein større samanheng og bidreg til forståinga av globale og regionale klimændringar.

Miljøeffektar av havbruk

Ein vedvarande vekst i norsk oppdrettsnærings føreset at effektane på miljøet blir haldne innafor gitte grensverdiar. Slike effektar kan til dømes vere spreiling av lakselsus og oversøring av arvestoff frå rømt fisk til villfisk. For å fastsetje kva som er akseptabel miljøbelasting, treng vi kunnskap om økologiske interaksjonar. Havforskningsinstituttet har den fleirfaglege kompetansen og dei fasilitetane som skal til for å levere denne kunnskapen til forvaltinga. Forsking på økologiske effektar av havbruk er eit av satsingsområda våre innan akvakultur.



► Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid

Dei siste 30 åra har Havforskningsinstituttet hatt prosjekt i meir enn 40 land på ulike stader i verda. Ei rekke land i Vest-Afrika har, mellom anna gjennom det såkalla Nansenprogrammet, fått bistand til kartlegging av fiskeressursar, oppbygging av nasjonal forskingskompetanse og utvikling av fiskeriforvaltingssystem. Dei seinare åra er akvakultur òg blitt eit viktig område i utviklingssamarbeid med land som Cuba og Thailand.

► Internasjonalt samarbeid


Norsk fiske skjer i hovudsak på bestandar som vi deler med andre land, og dei fleste problemstillingar knytte til havmiljøet er av internasjonal karakter. Derfor er Havforskningsinstituttet ein viktig rådgivar i internasjonale organisasjonar og kommisjonar.

I 2006 sit forskarar frå instituttet mellom anna som leiar av Den internasjonale hvalfangstkommisjonen sin vitskapskomité og av den øvste vitskaplege komiteen – Consultative Committee – i Det internasjonale råd for havforsking.

I forskinga er samarbeid sikra gjennom omfattande deltaking i internasjonale prosjekt og gjennom avtaler med systerinstitutt verda over. Samarbeidet med det russiske havforskningsinstituttet PINRO står i ei særstilling og starta allereie for 50 år sidan.

Fasilitetar


► Stasjonane



Forskningsstasjonen Flødevigen ved Arendal vart oppretta i 1882 og er ein av dei eldste i Europa. Instituttet si kystsoneforskning vert leia herfrå.



Forskningsstasjonen Austevoll blei oppretta i 1978 og har mellom anna vore verdsleidende i forsking på oppdrett av kveite og torsk.



Ved **Forskningsstasjonen Matre** nord for Bergen er det forska på oppdrett av laksefisk sidan 1971, ti år før lakseoppdrett skaut fart i Noreg. Fleire av metodane som er utvikla her, er no i bruk verda over.

Studier av fiskeåtferd har fått auka merksemd ved stasjonen. Forskarane ønskjer å finne ut kva som gjer at fisken trivst, og kva som kan stresse den og ta frå den matlysta. Nye og topp moderne fasilitetar gir mellom anna moglegheit til å detaljstyre temperatur-, salt- og oksygennivå i vatnet og registrere fiskenes reaksjonar på endringar i omgjevningen.

Slike eksperiment kan også nyttast for å studere ulike artars vekst, kjønnsmodning og gyting under varierande tilhøve og betre vår forståing for desse mekanismane også hos vill fisk.





G.O. SARS

BYGGJEÅR: 2003
4067 BRT.
77,5 M

JOHAN HJORT

BYGGJEÅR: 1990
1828 BRT.
64,4 M

G.M. DANNEVIG

BYGGJEÅR: 1979
171 BRT.
27,9 M

HÅKON MOSBY

BYGGJEÅR: 1980
701 BRT.
47,2 M
EIGAR:
UNIVERSITETET I
BERGEN

DR. FRIDTJOF NANSEN


BYGGJEÅR: 1993
1444 BRT.
56,8 M
EIGAR:
NORAD

Fartøy

Havforskningsinstituttet har ansvar for drifta av fem store forskningsfartøyer. Forskningsfartøya er dei viktigaste reiskapane for innsamling av data innan marine ressursar og miljø.

| TOKTOVERSIKT | |
|---------------------|--------------|
| Fartøy | Toktdøgn |
| G.O. Sars | 317 |
| Johan Hjort | 300 |
| Håkon Mosby | 309 |
| G.M. Dannevig | 174 |
| Dr. Fridtjof Nansen | 349 |
| Fangst | 162 |
| Legefartøy | 1 048 |
| Sum | 2 659 |

► Lokalitetar



**HAVFORSKNINGSISTITUTTET
AVDELING TROMSØ**

**HAVFORSKNINGSISTITUTTET
FORSKNINGSTASJONEN MATRE**

**HAVFORSKNINGSISTITUTTET
FORSKNINGSTASJONEN AUSTEVOLL**

**HAVFORSKNINGSISTITUTTET
FORSKNINGSTASJONEN FLØDEVIGEN**

I Bergen har Havforskningsinstituttet kontor og laboratorium i fleire bygg på Nordnes.

HAVFORSKINGSINSTITUTTET

Institute of Marine Research

Nordnesgaten 50 – Postboks 1870 Nordnes

NO-5817 Bergen

Tlf: 55 23 85 00 – Faks: 55 23 85 31

E-post: post@imr.no

HAVFORSKINGSINSTITUTTET

AVDELING TRØMSØ

Sykehusveien 23, Postboks 6404

NO-9294 Tromsø

Tlf: 77 60 97 00 – Faks: 77 60 97 01

HAVFORSKINGSINSTITUTTET

FORSKNINGSTASJONEN FLØDEVIGEN

Nye Flødevigveien 20

NO-4817 His

Tlf: 37 05 90 00 – Faks: 37 05 90 01

HAVFORSKINGSINSTITUTTET

FORSKNINGSTASJONEN AUSTEVOLL

NO-5392 Storebø

Tlf: 55 23 85 00 – Faks: 56 18 22 22

HAVFORSKINGSINSTITUTTET

FORSKNINGSTASJONEN MATRE

NO-5984 Matredal

Tlf: 55 23 85 00 – Faks: 56 36 75 85

REIARLAGAVDELINGA

Tlf: 55 23 85 00 – Faks: 55 23 85 32

INFORMASJONEN

Tlf: 55 23 85 00 – Faks: 55 23 85 55

E-post: informasjonen@imr.no

www.imr.no



Fiskeridirektoratet Biblioteket



06VF02816

